

## Føresegner

### Detaljregulering for E134 Ølen–Mørkeli

Vindafjord kommune  
Plan-ID 1160\_202203

## 1 GENERELT

### 1.1 Formålet med planen

Formålet med planen er å gi rammer for etablering av utbetra E134 på strekninga mellom Ølen i Vindafjord kommune og Mørkeli i Etne kommune. Målet er auka trafiktryggleik og framkomme på strekninga, mellom anna gjennom auka veg- og grøftebreidder, utbetring av horisontal- og vertikalkurvatur, nye kryss og avkøyrslar og utbetring av siktforhold.

Reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er markert innanfor stipla linje/plangrense, sjå teikning R100-R106 i målestokk 1:1000 (i A1-format), datert 27. september 2024.

### 1.2 Reguleringsformål

1.2.1 I samsvar med § 12-5 i plan- og bygningslova er planområdet regulert til følgjande arealformål:

- Bustader (B)
- Energianlegg (EA)
- Køyreveg (KV)
- Fortau (FO)
- Gang-/sykkelveg (GS)
- Annan veggrunn - teknisk anlegg (AVT)
- Annan veggrunn - grøntareal (AVG)
- Leskur/plattformtak (LPL)
- Kollektivhaldeplass (KH)
- Parkeringsplassar (PP)
- Naturområde (GN)
- Vegetasjonsskjerm (VS)
- Landbruks-, natur- og friluftformål (LNF)
- Friluftformål (FL)
- Naturområde i sjø og vassdrag (NSV)

1.2.2 I samsvar med §§ 12-6 og 12-7 i plan- og bygningslova er det i planområdet følgjande omsynssoner og føresegnområde:

- Frisikt (H140)
- Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (H370)
- Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg (#1)
- Kulturminne som vert søkt frigitt (#KM)
- Mellombels bygge- og anleggsområde (#M)

## 2 FORHOLDET TIL SEKTORLOVER

### 2.1 Søknadar etter sektorlover

- 2.1.1 Arbeid som kan medføre forureining til grunn eller vassdrag må søkast om i samsvar med forureiningslova og forureiningsforskrifta.
- 2.1.2 Dersom det under anleggsarbeidet blir avdekka ukjende automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast omgåande og kulturminnemyndigheit kontaktast, jf. kulturminnelova § 8.2.
- 2.1.3 Fysiske tiltak i vassdrag krev løyve i medhald av forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1, jf. lakse- og innlandsfiskeleven § 7. Søknad må inkludere plan for handtering av overvatn (jf. 3.1.2 b) og utkast til YM-plan (jf. 3.1.1), som mellom anna skildrar konkrete tiltak for å unngå og avgrense avrenning til vassdraget. Vilkår i løyvet må inngå i YM-plan.
- 2.1.4 Ved fysiske tiltak i vassdrag skal NVE orienterast for ei vurdering om tiltaket er konsesjonspliktig.
- 2.1.5 Fjerning av kantvegetasjon langs vassdrag krev søknad om dispensasjon frå vannressursloven § 11. Søknad må inkludere ein plan for revegetering som sikrar økologisk funksjonelle kantsoner i tiltaksområda der dette er mogleg.

## 3 FELLESFØRESEGNER

### 3.1 Dokumentasjonskrav pbl. § 12-7 nr. 12

- 3.1.1 Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan) før anleggsarbeidet startar. YM-planen skal sikra at føringar og krav for å oppnå miljøkvalitet blir handtert på ein systematisk måte i anleggsfasen og i vidare drift av anlegget. YM-planen skal følgjast opp i både anleggsfase og driftsfase. Element og tiltak lista opp i notat N091 *Innspill til ytre miljøplan* skal vera med i YM-planen, men lista er ikkje uttømmende.
- 3.1.2 Før anleggsarbeid knytt til veganlegget kan starte, skal følgjande ligge føre:
  - a) Tekniske planar i samsvar med gjeldande handbøker frå Statens vegvesen. Dei tekniske planane skal også vise korleis massane skal handterast og disponerast i anlegget, i tillegg til planar for overvatn og sikring av naturlege flaumvegar.
  - b) Planar for handtering av overvatn frå rigg- og anleggsområdet. Planane skal inkludere sikring mot avrenning av massar/finstoff til vassdrag.
  - c) Rigg- og marksikringsplan som skildrar korleis vegetasjon og terreng skal sikrast i anleggsperioden.
  - d) Registrering av skadelege framande artar innanfor anleggsområdet med utgangspunkt i Miljødirektoratet sin rapport M-982/18 skal gjennomførast i siste feltsesong før anleggsstart. Areal med framande artar skal visast på rigg- og marksikringsplan, og riktig handtering av areala skal vera skildra.
- 3.1.3 Før anleggsarbeid blir sett i gong, skal Mattilsynet kontaktast for å få informasjon om status for ulike planteskadegjerarar, kva vilkår som gjeld og kva tiltak som må setjast i verk.

### 3.2 Funksjons- og kvalitetskrav pbl. 12-7 nr. 4

- 3.2.1 Områda skal nyttast til og opparbeidast med den inndelinga i formål og breidder som er vist på plankartet. I samband med detaljprosjektering kan det gjerast mindre justeringar av veglinjene. Vegskjeringar og -fyllingar, murar og andre element skal sikrast i naudsynt grad med gjerder i anleggsperioden og når områda blir tekne i bruk.

- 3.2.2 Omsynet til landskap skal sikrast gjennom utarbeiding av byggeplanar og ved gjennomføring av anlegget. Krav til utforming av tekniske anlegg og tilbakeføring av vegetasjon skal gå fram av byggeplanane. Alle inngrep knytt til veganlegget skal utformast mest mogleg forsiktig med omsyn til terreng og utsjånad. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på. Terrenghandsaminga skal ferdigstillast samstundes med resten av anlegget, og ferdigstillast seinast vårsesongen etter at veganlegget er opna.
- 3.2.3 Fjerning av vegetasjon må skje utanfor hekkesesong for fugl. Det må heller ikkje fjernast meir vegetasjon enn høgst naudsynt. Eksisterande kantvegetasjon langs bekkar med årsikker vassføring som ligg innafor anleggsbeltet, skal sikrast så langt det er mogleg. Fjerning av kantvegetasjon krev søknad om dispensasjon frå vannressursloven § 11, jf. 2.1.5.
- 3.2.4 Matjord skal takast vare på og nyttast på aktuelle areal innafor planområdet eller til betring av nærliggjande jordbruksareal. Matjorda kan berre disponerast i områder som er godkjente av kommunen og i områder utan avrenning til vassdrag. A- og B-sjiktet av jorda må bevarast og haldast separat. Ved flytting av massar skal det takast naudsynte førehandsreglar for ikkje å spreia artar omfatta av framandart-lista eller plantesmitte som kan gjera skade.
- 3.2.5 Prinsippa for universell utforming skal leggst til grunn ved utforming av kollektivhaldeplassar, fortau og gang-/sykkelveg.
- 3.2.6 Tiltaket vert rekna som ei utbetring av eksisterande veganlegg etter T-1442/2021 (retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging). Det vil difor ikkje bli tilbydd avbøtande støytiltak til støyfølsam busetnad med mindre endringa i støynivå er  $\geq 3$  dB og samstundes ligg i gul eller raud støysone. For støyfølsam busetnad i øvre del av gul støysone ( $L_{den}$  61-65 dB) og i raud støysone ( $L_{den}$  over 65 dB), der endring i støynivå er  $\geq 2$  dB, skal det utførast ei kost/nyttevurdering med omsyn til avbøtande støytiltak. Fritidsbustadar har ikkje krav til innandørs støynivå.
- 3.2.7 System for handtering av overvatn skal ta omsyn til framtidig klimaendring og venta nedbørsauke i samsvar med gjeldande krav.

## 4 FØRESEGNER TIL AREALFORMÅL

### 4.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

#### Bustader (B)

- 4.1.1 Bustadarealet er del av reguleringsplan for Dørheim bustadfelt (plan-ID 2004-04-01), og føresegnene for den planen vil gjelda etter at føresegnområdet er oppheva, jf. pkt. 6.3.9.

#### Energianlegg (EA)

- 4.1.2 Området er areal til ny trafokiosk.

### 4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

#### Køyreveg (KV)

- 4.2.1 Køyrevegane skal opparbeidast med utforming og dimensjon som vist på plankartet. o\_KV skal vera offentleg veg. f\_KV skal vera felles veg og skal høyra til dei eigedomane dei løyser ut. KV skal vera privat veg.

#### Fortau (FO)

- 4.2.2 Fortau skal opparbeidast som del av haldeplassane. Fortaua skal vera offentlege og skal utformast i samsvar med vegnormalane og med dei breidder som er vist på plankartet.

### Gang-/sykkelveg (GS)

- 4.2.3 Gang-/sykkelveg skal vera offentlege og skal utformast i samsvar med vegnormalane og med dei breidder som er vist på plankartet.

### Annan veggrunn – tekniske anlegg (AVT)

- 4.2.4 Areal er offentlege og skal opparbeidast med nødvendige tekniske installasjonar og trafikkreguleringar i samsvar med vegnormalane.

### Annan veggrunn – grøntareal (AVG)

- 4.2.5 Områda er offentlege sideareal for etablering av grøntanlegg knytt til veganlegget.
- 4.2.6 Innanfor området er det tillate å føre opp offentlege trafikkskilt, rekkverk, gjerde, rabattar, skrånings-/skjeringsutslag, opne grøfter langs veg, riggområde og mellombels masselager samt andre tekniske installasjonar og liknande.
- 4.2.7 Innanfor områda o\_AVG2 og o\_AVG5 skal det opparbeidast ein gangsti/tråkk mellom o\_KV1 ved gnr/bnr 280/72 og o\_FO2 – via fe-undergang.
- 4.2.8 Innanfor områda o\_AVG22 og o\_AVG23 skal det opparbeidast ein gangsti/tråkk mellom o\_KV12 og f\_KV14 – via fe-undergang.

### Leskur/plattformtak (LPL)

- 4.2.9 Innanfor områda skal det oppførast leskur knytt til haldeplass for buss. Areal skal vera offentlege.

### Kollektivhaldeplass (KH)

- 4.2.10 Områda skal opparbeidast som haldeplass for buss og som vist i plankartet. Detaljutforming skal samsvara med vegnormalane. Areal skal vera offentlege.

### Parkeringsplassar (PP)

- 4.2.11 Området skal opparbeidast som parkeringsplass som vist i plankartet. Detaljutforming skal samsvara med vegnormalane. Arealet skal vera offentleg.

## 4.3 Grøntstruktur (§ 12-5 nr. 3)

### Naturområde (GN)

- 4.3.1 o\_GN1 skal vera kantsone og sikring langs bekkeopning av o\_NSV3 ved Oppheim. Det skal leggjast til rette for vegetering av kantsone/flaumsone så langt som mogleg innanfor det handlingsrommet som er tilgjengeleg.
- 4.3.2 Nedstraums kryssing av bekk 6 og 7 / o\_AVG22 vest for Sørria skal det etablerast eit forlenga, nytt og naturleg bekkeløp med variert substrat og kantvegetasjon. Dette skal kompensera for lukking av bekkane i røyr vidare oppstraums, mellom fyllingsfot til ny veg og eksisterande E134. o\_GN2, o\_GN3 og o\_GN4 skal vera veletablerte og økologisk funksjonelle kantsoner langs dei nye bekkeløpa.

### Vegetasjonsskjerm (VS)

- 4.3.3 Vegetasjonsskjermen er del av reguleringsplan for masseuttak Fikse aust (plan-ID 1160-12-08), og føresegnene for den planen vil gjelda etter at føresegnområdet er oppheva, jf. pkt. 6.3.9.

#### 4.4 Landbruks-, natur- og friluftsmål (§ 12-5 nr. 5)

##### LNF-formål (LNF)

- 4.4.1 Områda skal brukast til landbruks-, natur- og friluftsmål. Føresegner i kommuneplanen sin arealdel er gjeldande for områda.
- 4.4.2 Konstruksjonar for kryssing av bekk 1 (Svartatjørnbekken) ved LNF1–2, bekk 2 (Dørheimbekken) ved LNF2–3 og bekk 4 (Juvelva) ved LNF11–13 skal utformast slik at dei ikkje utgjør vandringshinder for stadeigne fiskeartar i ulike livsstadium ved normal vassføring. Konstruksjonane skal i tillegg utformast med naturtypisk elvesubstrat i botnen.
- 4.4.3 Kryssing av bekk 8 (Grasdalsbekken) og 10 (kryssing av Oselva) ved LNF29–30 skal utformast slik at dei ikkje utgjør vandringshinder for stadeigne fiskeartar i ulike livsstadium ved normal vassføring.

##### Friluftsmål (FL)

- 4.4.4 Området er del av reguleringsplan for Dørheim (plan-ID 2004-04-01), og føresegnene for den planen vil gjelda etter at føresegnområdet er oppheva, jf. pkt. 6.3.9.

#### 4.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

##### Naturområde i sjø og vassdrag (NSV)

- 4.5.1 Tiltaka skal ikkje føra til reduksjon i produksjonsgrunnlaget for anadrome laksefisk og ål i dei råka vassførekomstane. Habitatkvalitet i form av gytetilhøve og skjul skal ikkje reduserast i råka del av vassførekomstane. Redusert habitatkvalitet og/eller fiskeproduksjon som følgje av tiltaket skal kompensert med habitattiltak i vassførekomstane. Omsyn lista opp i *N091 Innspill til ytre miljøplan* skal inngå i YM-plan og sikre miljøkvalitet.
- 4.5.2 NSV1 og NSV2 omfattar delar av Juvelva. Det skal byggast ny bru over elva, og det vert tillate justeringar i elveløpet for tilpassing til auka bruspenn for å tilfredsstilla gjeldande flaumkrav, jf. pkt. 6.1.1. Arbeid knytt til den nye brua skal sikra fiskevandring som i dagens situasjon, og elva skal utformast som ei naturleg elv med variert substrat og kantvegetasjon utanfor tryggleikssona til E134.
- 4.5.3 o\_NSV3 og NSV4 omfattar delar av Oselva ved Oppheim. o\_NSV3 skal vera offentleg. Eksisterande bekkelukking skal reversert, og elveløpet o\_NSV3 skal opnast opp best mogleg tilpassa tidlegare bekkeløp. Den re-etablerte bekken skal sikra fiskevandring som i tidlegare situasjon, og elva skal utformast som ei mest mogleg naturleg elv med variert substrat og kantvegetasjon.
- 4.5.4 o\_NSV5 og o\_NSV6 er delar av bekk 6 og bekk 7 aust for Hiksalsvegen og vest for Sørli nedstraums ny vegfylling / o\_AVG22. Areal skal vera offentleg. Her skal det etablerast eit forlenga, nytt og naturleg bekkeløp med variert substrat og kantvegetasjon. Dette skal kompensere for lukking av bekkane i røyr under nytt veganlegg vidare oppstraums, mellom fyllingsfot til ny veg og eksisterande E134 (inkl. NSV7–NSV10). o\_NSV5 og o\_NSV6 skal formast slik at dei toler forventa flaummengde utan at det vert danna nye kortare elveløp.

## 5 FØRESEGNER TIL OMSYNSSONER (PBL §§ 12-6 og 11-8)

### 5.1 Sikringszone – Frisikt (H140)

- 5.1.1 Innanfor områda H140 skal det ikkje vera sikthindringar, som gjerde, murar og vegetasjon høgare enn 0,5 meter over vegnivå. Enkelttre, skilt, lysstolpar etc. kan tillatast plassert innanfor frisiktsona i samsvar med retningslinjer gitt i Statens vegvesen si handbok N100.

### 5.2 Faresone – Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenningskablar) (H370)

- 5.2.1 Områda H370 er faresone for høgspent luftlinje. Alle inngrep, både permanente og mellombelse, skal meldast til eigar av høgspenlinja. Faresona er sett til 6,0 meter til kvar side frå ytre del av luftstrekke.

## 6 FØRESEGNOMRÅDE (PBL § 12-7)

### 6.1 Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg (Pbl. § 12-7 nr. 2)

- 6.1.1 Innanfor føresegnområde #1 ved Juvelva skal det etablerast ny bru for E134 over elva. Den skal utformast med lysopning og dimensjonar som vist på teikning K001 datert 2023-07-06.

### 6.2 Sikra verneverdiar i bygningar, andre kulturminne og kulturmiljø (Pbl. § 12-7 nr. 6)

- 6.2.1 Kulturminna markert som føresegnområde #KM1 (id 294738), #KM2 (id 294733) og #KM3 (id 294740) på plankartet, er ferdig undersøkt og kan fjernast utan ytterlegare arkeologisk undersøking.

### 6.3 Mellombels bygge- og anleggsområde (#M)

- 6.3.1 Føresegnområda #M, merka med stipla, vertikal skravur på plankartet, er areal for mellombels bygge- og anleggsområde for gjennomføring av veganlegget.
- 6.3.2 Overskotsmassar kan mellomlagrast innanfor #M-områda, med unntak av #M2, #M3, #M4 og #M5. Omsyn til påverknad på vassdrag må sikrast, jf. 2.1.3 og 3.1.1.
- 6.3.3 Det kan berre lagrast og deponerast reine jord- og steinmassar innanfor #M-områda, jf. grenseverdiar i forureiningsforskrifta.
- 6.3.4 Det skal sikrast at deponerte massar ikkje inneheld framande artar, jf. 3.1.2 d).
- 6.3.5 #M1 kan nyttast til varig massedeponi.
- 6.3.6 Ved deponering av massar innanfor #M1 skal det gjennomførast naudsynte tiltak for handtering av avrenning og sigevatn frå deponerte massar.
- 6.3.7 Innanfor #M1 kan det fyllast på overskotsmassar frå veganlegget opp til maks kote k+ 140. Omsyn til landskapet må sikrast, jf. 3.2.2.
- 6.3.8 Områda nytta til mellombels bygge- og anleggsområde (#M) skal vera sett i stand, og i størst mogleg grad tilbakeført seinast eitt år etter at nytt veganlegg er opna for trafikk.
- 6.3.9 #M-områda er gyldige til og med 31.12.2034, men ikkje lenger enn eitt år etter at veganlegget er opna for ordinær trafikk. Då vert #M-områda oppheva og føresegner for gjeldande arealplanar gjeld vidare.
- 6.3.10 Kantvegetasjon langs vassdrag skal takast i vare som ei økologisk funksjonell kantsone. Der anleggstekniske omsyn likevel gjer dette umogleg, kan kantvegetasjonen fjernast i naudsynt omfang. Fjerning av kantvegetasjon skal ikkje skjje før arbeid i sona skal starte. Ved reetablering skal kantsona si form og overflate gjenopprettast før det leggst til rette for naturleg revegetering med stadeigne artar.